



I dag, fredag, vil uskedalen.no vera til stades på The Tall Ships Races i Bergen. Vi har avtale om å få møte Marit Sjøvangen på seglskuta Statsraad Lehmkuhl. Ho er sjukepleiar og har vore medseglar på seglasen. Jarle Flatebø, med far Gerhard Flatebø frå Uskedalen, er ein av kapteinane på den staselege seglskuta. Det er uvisst om vi får til eit møte med han.

Elles vil vi finna meir ut om det er andre frivillige frå eller med tilknytning til Uskedalen. Den store folkefesten i Bergen treng nemleg mange hjelparar i eit uttal komitear. Frå før veit vi at Dag Hermansen har vore med i hamnestaben. Vi må og ta med at onkel hans, Tor H. Myklebust, var ein sentral person fyrste gongen The Tall Ships Races var innom Bergen. Den gongen jobba Tor i uteseksjonen i Bergen, under kulturdirektør Kvam. Tor hadde mellom mykje arbeid med å førebu og gjera klart for dei mange skutene på hamna.

Dersom du kjenner personar frå Uskedalen med sentrale oppgåver, vil vi gjerne få vita det.

Mobil: 915 31 487



Tekst: Kristian Olav Bringedal Nett:
Thor Inge Døsslabd